



Notat til drøfting

Dato

LEIKANGER, 19.09.2016

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 28. september 2016

Eid vg. skule, areal for opplæring til nykomne flyktningar og asylsökjarar

Notatet omhandlar eit ev tilbygg til Eid vg. skule, 2 klasserom og 1 grupperom, samla om lag 220 m² (sjå vedlagt skisse). Då dette primært ikkje er eit fylkeskommunalt behov, ynskjer fylkesrådmannen at FU vert gjort kjend med saka og kan gi tilbakemelding på vidare handsaming.

Prosjektet/arealet er lansert for å dekke eit behov for undervisningsareal til nykomne flyktningar. Eid kommune har i brev av 01.03.16 meldt behovet. Det er eit kommunalt ønskje at undervisninga i slike tilfelle vert lagt til Eid vidaregåande skule slik at det er høve til samarbeid om det pedagogiske opplegget og ha ei god integrering. Isolert sett er dette også i fylkeskommunen si interesse. Erfaringar frå både eige fylke og tilgjengeleg forsking peikar på viktigheita av at ungdomar som skal integrerast er i same miljø som anna ungdom. I aldersgruppa 16-20 år vil det vere avhengig av bakgrunn om den enkelte har rett til opplæring frå kommunen eller fylkeskommunen. Uavhengig av kven som har ansvar for opplæringa, er det faglege rådet at ungdom bør få opplæring saman med andre i same aldersgruppe. På Eid er det etablert eit fagleg samarbeid mellom kommune og fylkeskommune om opplæring for denne gruppa. I tilbodet ønskjer ein å legge til rette for hospitering i ordinære klassar på Eid vg. skule for ungdom som går i norskopplæring eller som tek grunnskuleretta fag. Det er òg ønskelege å få til samarbeid med elevrådet ved skulen om tilbod til ungdomane utanom skuletida.

Slik opplæringstilboden er ved Eid vg. skule i dag, og ut frå forventa elevtalsutvikling i nærområdet, har ikkje skulen arealkapasitet til fleire grupper. Med bakgrunn i dette er ulike løysingar er vurdert. Bygge- og eigedomssjefen har i svarbrev av 23.08.16 (vedlagt) skissert korleis fylkeskommunen kan løye saka med eit ev tilbygg. Den totale kostnaden for tilbygget er kalkulert til ca. 7 mill. kr, inkl. mva. For å dekke fylkeskommunen sine finansieringskostnader og utgifter til teknisk drift, reinhald mv. er det naudsynt med ei leigeinntekt på kr 528.000,-/år. Dette er kostnaden Eid kommune ev. må dekke gjennom ein leigeavtale.

Saka vart drøfta i Eid formannskap 24.08.16 og kommunen, ved ordføraren, har i brev av 30.08.16 (vedlagt) stadfesta at løysinga i grove trekk samsvarar med behova til Eid kommune. Kommunen kan inngå ei 10 års leigeavtale med etterhald om reforhandling etter 5 år dersom det er varige, store endringar i det nasjonale behovet for busetjing/opplæring. Fylkeskommunen har ei vesentleg lengre

nedbetalingstid på bygginvesteringar. Dersom vi aksepterer ei løysing på 10 år, ev. 5 år, vil vi sitje att med ein god del av desse kostnadane, samt driftskostnader, i restperioden.

Eid vg. skule er ein arealeffektiv skule som bruksmessig er fylt heilt opp, men fylkeskommunen har totalt sett overkapasitet på areal ved dei andre skulane i Nordfjordregionen. Dette gjer at fylkesrådmannen er noko skeptisk til ytterlegare investeringar i nybygg på Eid som i realiteten er relativt kortsiktig finansiert med ein 10 års leigeavtale som «i verste fall» kan seiast opp etter 5 år.

Fylkesrådmannen ser gode og positive sider med løysinga når det gjeld integrering og samarbeid om det pedagogiske opplegget på skulen, men vurderer det slik at også andre viktige moment i saka bør vurderast. Her kan kort nemnast:

- + Saka er primært ikkje utløyst av eit fylkeskommunalt arealbehov. Areal til elevar/flyktningar med rett på vidaregåande utdanning er dekka på Eid vg. skule i dag. Framtidig kapasitet kan bli utfordrande, men slik det ser ut pr. d.d. let dette seg løyse med dagens arealkapasitet.
- + Fylkeskommunen har samla eit overskot på undervisningsareal i regionen, t.d. ved Stryn og ved Firda vg. skular. Å vurdere tilpassingar i høve tilbod og arealbruk er difor mogleg i framtida.
- + Den fylkeskommunale økonomien er utfordrande. Fleire prosjekt utfordrar økonomiplanarbeidet vårt og strenge prioriteringar må gjerast, spesielt med omsyn til å etablere nye areal.
- + Fylkeskommunen må restfinansiere investeringa. Dei økonomiske konsekvensane er avhengig av om kommunen forpliktar seg i ein kort (5 år) eller noko lengre periode (10 år). Avhengig av framtidig arealbehov, utleigealternativ mv, så vil desse restkostnadane vere på 3,6 - 6,3 mill. kr. I tillegg til dette kjem årlege driftskostnader i byggets levetid etter avslutta leigeperiode.

Fylkesrådmannen ser såleis økonomien som ei utfordringa i saka og ynskjer at kommunen i større grad stiller opp med ei lengre forpliktande avtale. Eid kommune ynskjer areala snarast råd (skulestart 2017). Dette vil uansett vere krevjande.

Fylkesrådmannen ynskjer ut frå dette at FU drøfter dei ulike sidene og risikoene i saka og på det grunnlaget gjev signal med omsyn på vidare handsaming.